

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20171887Oppdragsnr
2017042

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Flatøyvegen 158	1	17	0	0	Vanderblue Tove Carson (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	24.10.2017	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring
Arealoverføring av omlag 2000 m² frå gnr 1 bnr 17 til gnr 1 bnr 60.

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	04.09.2017		
Rekvirent Vanderblue Tove Carson			Rekvisisjonsdato 21.07.2017

Habilitet

Landmålararen sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
60-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			
60-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			
60-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			
60-4	Umerket Nedsatt i:				
104-2	Umerket Nedsatt i:				
104-1	Umerket Nedsatt i:				
310C	Umerket Nedsatt i:				
310B	Umerket Nedsatt i:				
310A	Umerket Nedsatt i:				
318G	Umerket Nedsatt i:				
321C	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Ikke spesifisert	Gjenfunnet			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 04.09.2017 godkjent arealoverføring av omlag 2000 m² frå gnr 1 bnr 17 til gnr 1 bnr 60, administrativt vedtak sak nr 233/2017.

Oppmålingsforretning vart halde 24.10.2017. Ved forretninga møtte Atle Austegard med fullmakt frå eigar av 1/17 og 1/60. Eigarar av 1/102, 104, 264 og 310 var også varsla, men møtte ikkje.

Grensene for naboegedomane 1/264 og 1/310 er oppmålt ved tidlegare kart- og delingsforretningar, Grensemerke på hjørnet av garasjen til 1/264 vart påvist. (grensepunkt 321C). Vidare vart grensa mot 1/310 påvist. Det nordaustre hjørnet til 1/310 (grensepunkt 310C) kjem litt ut i tilkomstvegen som går til 1/60, 1/102,104. Korridoren mellom 1/264 og 1/310 tilhøyrrer 1/14. Eigar av 1/14 var ikkje varsla til forretninga, men vil få kopi av protokollen sidan det er gjort endringar i matrikkelkartet.

Grensene for 1/102 og 1/104 er berre skildra i skyldskifteforretning. Begge parsellane er frådelt frå 1/17 i 1954 og 1955. Utifrå skyldskiftet skal 1/102 ha felles grense med 1/61 i 7.1m. 1/104 er ein liten tilleggsparsell (trekant) som skal gå 2m frå hjørnet til 1/61 langs grensa til 1/14, vidare i nordaustleg retning 57,4m til grensa til 1/102. Dette punktet skal liggja 1,2m frå grensa til 1/60. Kommunen har retta grenselina mellom 1/17 og 1/102,104 til å gå 2m frå hjørnet av 1/61 (grensepunkt 104-1) og 57,4m til umerka grensepunkt 104-2. Det nord-vestre hjørnet til 1/102,104 kjem 3-4m inn "på tunet" til 1/60. Dersom partane er samde om det, kan ein søkja om grensejustering slik at grensa vert meir lagleg her.

Ingen av dei gamle grensemerka til 1/60 var råd å finna. I følgje skyldskiftet for 1/102 skal det vera ein korridor på mellom 1 og 1,2m mellom 1/60 og 1/102. Det vart sett ned tre nye grensemerker på 1/60, grensepunkt 60-1, 60-2 og 60-3. Grensepunkt 60-4 er umerka og ligg 1,2m frå grensepunkt 104-2. Det vart målt langs bakken med måleband for å rekonstruera punkta. Avstanden mellom grensepunkt 60-1 og 60-4 er 2,3m lenger enn måla i skyldskiftet.

Arealet som skal overførast ved arealoverføring frå 1/17 til 1/60 er oppmålt og utrekna til 2090 m². Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillir krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandaden.

Når arealoverføringa er tinglyst, skriv kommunen ut nytt matrikkelbrev for 1/60 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted	Dato	Underskrift
Frekhaug	26.10.2017	

Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			